

# HELG OG HEIM

KYRKJELYDSBLAD FOR FØRDE OG NAUSTDAL

NR. 4 DESEMBER 2023 81. ÅRGANG

God jul!

Merry  
Christmas

щасливого  
Різдва

دی جم دالیم دیع

חמש דלומ גה

Wesołych Świąt

کرابم سمسىرك





DEN NORSKE KYRKJA  
Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

#### FØRDE KYRKJEKONTOR

Kyrkjevegen 23F, 6809 Førde

Tlf.: 57 82 81 80

[www.sunnfjordkyrkja.no](http://www.sunnfjordkyrkja.no)

[sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no](mailto:sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no)

#### OPNINGSTID:

Måndag – fredag kl. 09 – 14.30

Prost: Knut Magne Nesse

Sokneprest: Ingvald Andersen Frøyen

Prest: Carsten Langeland

Diakon: Anita Øvreås Rusken

Driftsleiar: Ingvar Vagstad

Kyrkjesesekretær: Joy Taylor og Toril Øye

Økonomileiar: Trond Herlosund

Kantor: Gro Gunnarson

Kateket: Heidi V. Styve

Kyrkjeverje: Sissel Vartdal

Kyrkjelydsmedarbeider: Ute Lindner og

Gry Sætre

#### NAUSTDAL KYRKJEKONTOR

Kommunehuset,  
postboks 90, 6806 Naustdal

Tlf.: 57 82 81 80

[sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no](mailto:sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no)

#### OPNINGSTID:

Tysdag kl 9-15.

Ta kontakt for anna avtaletidspunkt.

Sokneprest: Rigmor Frøyen

Prest: Fredrik Bråttvik

Arbeidsleiar: Ellinor Wergeland

Kyrkjegardsarbeidar: Stig Ove Halbrend

Kyrkjesesekretær: Sigrun Solheim Savland

Kantor: Erlend Os

Kyrkjelydsmedarbeider: Jenny Ødven Snildal

Kyrkjelydsmedarbeider: Andrine Haugen

Lundekvam

#### FØRDE KYRKJE

Kyrkjegardsarbeidar: Terje Sæle

#### HOLSEN KYRKJE

Klokkar: Tor Arild Nydal Holsen

Reinhold: Jorunn Holsen

#### HAUKEDALEN KYRKJE

Kyrkjetenar: Bodil Øvsthus Frøysland

#### NAUSTDAL KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar: Sigrun S. Savland

#### VEVRING KYRKJE

Klokkar/kyrkjetenar:

Mette-Elin Standal Sæther

#### FØRDE KYRKJETUN

Dagleg leiar: Ann Berit Steiro.

# Nytt frå redaksjonen

Hausten 2023 har vore full av dramatiske hendingar. Krig i Midtausten. Kriegen i Ukraina tek ingen ende. Konfliktar i andre land forsvinn i nyheitsbildet. Klarer vi å ta inn over oss alt det vonde? Kva blir det neste, kjem det ein ny flyktingstraum?

Korleis har flyktingane som kjem til Sunnfjord det? I dette nummeret prøver vi å finne ut kva for tilbod flyktingar og framandspråklege får når dei kjem hit. Mykje godt arbeid blir gjort, men finn flyktingane fram til tilboda? Du kan gjerne vere med og formidle vidare, om du kjenner nokon som kan ha nytte av dei ulike tilboda som er omtala i bladet.

Mange skal feire si første jul i Norge. Kva for forventningar har dei, og kva for tradisjonar har dei med seg heimefrå? På Førde kyrkjetun blir det laga til felles feiring på julaftan i regi av Førde kyrkje og Frisliv- og frivilligsentralen, dersom dei får tak i nok frivillige. Vil du vere med som frivillig, eller bli med på feiringa? Les i bladet om korleis du melder deg på.

Bli gjerne med i kyrkja i jula, det er plass til alle! Og inviter gjerne med deg nokon på ein av dei mange flotte konserter i kyrkjene våre i adventstida!

Velsigna advents- og juletid!

## Vil du gje ei julegåve!

Takk til alle som betaler bladpengar, og takk til annonsørane som støtter bladet. Bladet er laga av frivillige, men utforming, trykking og postombæring kostar, og prisane har auka mykje dette året. Vil du gje ei julegåve til Helg og Heim, så vi kan halde fram med å lage bladet?

*Helsing bladstyret*

## HELG OG HEIM

Ansvarleg utgjevar av **Helg og Heim** er sokneråda i Førde, Naustdal og Holsen og Haukedalen. Bladet går til alle husstandar i tidlegare Førde og Naustdal kommunar.

#### Redaksjon:

Jenny Snildal, Annbjørg E. Hesselberg og Hanne Schnitler

Stoff og biletar kan sendast til:

- [hanne.schnitler@enivest.net](mailto:hanne.schnitler@enivest.net)
- [jenny.snildal@gmail.com](mailto:jenny.snildal@gmail.com)
- [annbjorg.hesselberg@gmail.com](mailto:annbjorg.hesselberg@gmail.com)

#### Grafisk utforming:

Firda Tidend Grafisk, Sandane

#### Trykk:

Printfarm, Øvre Årdal

**Frivillig bladkontingent  
kr. 290,-**

#### Bankkonto:

**3705.15.33896**

Merk innbetaling  
med «Helg og Heim».

#### VIPPS:

**Vippsnr. 591 431**

«Helg og Heim kyrkjelydsblad»

#### Skal du flytte?

Du kan abonnere på Helg og Heim. Kontakt Joy Taylor på Førde kyrkjecontor

## Utgjevingsplan 2024

#### Nr. 1: Stoffrist:

Onsdag 14. februar

I posten veke 12

#### Nr. 2: Stoffrist:

Onsdag 17. april

I posten veke 21

#### Nr. 3: Stoffrist:

Onsdag 14. august

I posten veke 38

#### Nr. 4: Stoffrist:

Onsdag 23. oktober

I posten veke 48

(Det kan komme endringar.)



**Framsidebilde:** Korskulen har sin årlege, stemningsfulle Luciakonsert i Førde kyrkje 13. desember kl. 07.00 om morgonen. Dette er frå konserten i 2022.  
Foto: Gro Gunnarson

# Nytt om namn

Tekst: SISSEL VARTDAL,  
kyrkjeverje Sunnfjord

## Endringar i Naustdal-staben

Frå 1. desember skjer det endringar i Naustdal-staben. Jenny Ø. Snildal har fleire delstillingar; ho er kyrkjelyd-spedagog, koordinator/dagleg leiar og klokkar/kyrkjetenar. No går ho av med pensjon i den delen av stillinga som om-handlar klokkar- og kyrkjetenarbiten. Dette arbeidet har ho stått i sidan 2006, og ho ser no fram til ei førjulstid – og ei høgtid – med meir fritid både for seg sjølv men ikkje minst for familien.

Vi takkar varmt for den tnesta Jenny har gjort i Naustdal-kyrkja desse åra, og er samstundes glad for at vi beheld Jenny som koordinator/dagleg leiar ei god stund til.

Frå 1. desember det Sigrun Solheim Savland som tek over klokkar- og kyrkjetenaroppgåvene i Naustdal. Sigrun er godt kjend med dette arbeidet då ho har hatt tilsvarande stilling i Gaula. Vi ønskjer Sigrun alt godt inn i nye oppgåver!

## Kyrkjetenar-teamet i Førde

Er du på gudstenester, kvardagsmesser, konsertar eller liknande i Førde-kyrkja, treff du truleg på ein av desse. Magnus Haugsvær, Isak Aasland og Ann Berit Steiro er det faste kyrkjetenar-teamet vårt i Førde. Magnus og Isak er 17 år gamle, og er elevar på vidergåande skule. I sommar var dei og å sjå på plenklypparen utanfor kyrkja.

Vi er glade for at dei ønsker å arbeide i kyrkja, og som arbeidsgjevar skal vi gjere vårt for å gje dei ein god start på eit forhåpentlegvis langt arbeidsliv. Ann Berit er koordinator for teamet og syter for at det er kyrkjetenar-bemannning på alle arrangement, samstundes er ho og ein del av teamet og går inn i «turnusen» saman med Magnus og Isak.

Kyrkjetenarane gjer ein viktig jobb, men er ofte litt usynlege. Gje dei gjerne eit smil når du passerer dei på veg inn eller ut av kyrkja!



Isak Aasland, Magnus Haugsvær og Ann Berit Steiro er det faste kyrkjetenar-teamet i Førde.



## Førde kyrkjetun

har lokale som høver dei fleste arrangement:

- Selskap, konfirmasjon, barnedåp og bryllaup
- Barneselskap og åremålsdagar
- Minnesamvær
- Årsmøte, kurs/konferansar osv.



Ta kontakt for bestilling eller tilbod:

Tlf. 99 15 13 07 eller [ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no](mailto:ann.berit.steiro@sunnfjordkyrkja.no)



## Lokale til leige på Naustdal kyrkjelydshus

Har du ein dag som skal feirast? Fyller du rundt år, eller er det barnedåp eller konfirmasjon i familien?

Kyrkjelydshuset i Naustdal har fleire lokale til leige.

Vi leiger også ut til ulike organisasjoner, m.a. til årsmøte.

Kontakttelefon 99 27 99 55.

E-post: [kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com](mailto:kyrkjelydshusetnaustdal@gmail.com)

# Sokneråda har konstituert seg

Dei nye sokneråda har hatt konstituerande møte. I Naustdal og Holsen og Haukedalen held leiarane fram, medan i Førde blir Hanne Bildøy ny leiar, medan noverande leiar, Bjørn-Harald Haugsvær er vald inn i Sunnfjord kyrkjelege fellesråd.

I førre nummer hadde vi oversikt over alle namna på faste medlemmer og vara i dei tre råda. Sokneråda har ikkje fordelt verv til ulike utval når bladet går i trykken.

## Naustdal sokneråd har konstituert seg slik:

Leiar: Jetvard Kalland  
Nestleiar: Harald Sørheim  
Medlem i fellesrådet: Jetvard Kalland  
Varamedlem i fellesrådet: Stein Torald Vonen



Av- og påtroppande soknerådsleiar i Førde, Bjørn-Harald Haugsvær og Hanne Bildøy. Foto: Hanne Schnitler

## Førde sokneråd har gjort desse vala:

Leiar for eitt år:	Hanne Bildøy
Nestleiar for eitt år:	Eirik Dahl
Medlem i fellesrådet for fire år:	Bjørn-Harald Haugsvær
Vara til fellesrådet for fire år:	Ingeborg Watne Flatland

## Holsen og Haukedalen sokneråd:

Leiar:	Bodil Øvsthus Frøysland
Nestleiar:	Laila Marie Nydal
Medlem i fellesrådet:	Nils Gjerland

# Kyrkjekontor på flyttefot

Kyrkjekontoret i Naustdal har hatt tilhaldsstad på kommunehuset i fleire tiår. Men no er det slutt.

Tekst og bilde:  
JENNY ØDVEN SNILDAL

I Naustdal skal alle helsetenestene samlokalisera i det tidlegare bankbygget og i kommunehuset, og då er det ikkje lenger plass til kyrkjekontoret. Midlertidig lokale vert i andre etasje i bankbyg-

get. Men berre i påvente av at kommunehuset vert ferdig ombygd og legesenter og helvestasjon flyttar inn der. Då skal legesenteret pussast opp og kyrkjekontoret skal få lokale der. I løpet av november skal vi vere på plass i bankbygget. Vonar det vert råd å finne fram til oss.



Kva kan vi kaste og kva skal vi ta med oss? Og kva har historisk verdi for ettertida? For tida flyt det av kassar overalt og alle i staben pakkar det som vi tenker vi må ta vare på. Vonleg vert det teke vare på det som er av interesse for framtida.



## TIL ETTERTANKE

ANITA ØVREÅS RUSKEN, diakon i Førde

# Jula er for alle

Då eg var barn feira familien min jul på småbruket til mormor og morfar. Der var det både hjarterom og husrom. Sidan eg berre voks opp med eitt par besteforeldre, vart dette til ein fast tradisjon. Beste-foreldra mine visste kva ferje vi kom med på julaftan og stod på trappa og tok imot oss. Vi fekk ein god klem og ei velkomsthelsing. Vi var venta. På trappa var det pynta med granbar, og inne på kjøkkenet stod risgrauten og putra.

Kyrkjegang høyrd med. Enten på julaftan eller på 1.juledag. Etter middagen med pinnekjøt og tilbehør gjekk vi rundt juletreet. Eg likte det, men synest likevel at tida snegla seg av gårde. Skulle vi ikkje opne pakkar snart? Fekk eg den dokka som stod øvst på ønskjelista mi? Var det mest harde eller mjuke pakkar? Enno kan eg hugse spenninga som ei sitring i heile kroppen når tida for pakkeopninga var inne.

Jula er for barna.

Som diakon møter eg nokre gongar menneske som man-

glar religiøs trening. Dei kjenner ikkje dei kristne kodane og veit ikkje kva dei skal gjere i ei gudsteneste. Frykt kan halde lengtande menneske borte. Gjetarane på Jesu tid var totalt kyrkjeframande. Dei var nok ikkje utan åndelege behov, men dei hadde ingen religiøse rettigheiter. Dei visste ikkje kva som gjekk føre seg i tempelet i Jerusalem. Den første julenatt kom Gud nær til dei som var langt borte. «De skal finne eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Lukas 2,12. Så ufarleg å møte eit barn! Så velkjent med ei krubbe! Eg trur dei gleda og fryda seg!

Jula er for dei som er langt borte.

«Ein gong i verda vår, inneheldt ein stall noko som var større enn heile verda vår», seier forfattaren C.S. Lewis. Vi feirar at Guds son vart menneske og lagt i krubba. Jesus var eit heilt vanleg barn og samtidig noko så uvanleg som ein halvmeter Gud. Utlevert til Maria og Josef si om-sorg. Kva er det med Jesus og juleevangeliet? Denne enkle



forteljinga i Bibelen. Den som flest menneske i vår kristne kultirkrets er fortrulege med. Eg trur at det ikkje berre er eg som har mange av mine lysaste barndomsminne knytt til jula og kristen julefeiring. Mange menneske har det. Fordi Gud

har blitt som oss, kan vi komme akkurat slik som vi er! Som engelen sa: «Ver ikkje redde! ... I dag er det fødd dykk ein frelsar...» Luk 2, 10 og 11.

Jula er for alle.

# – Vi har det alltid kjekt når vi

– Nja, hvis han Jetvard ikkje har sagt beint nei, så betyr det nok på godt sunnfjordsk at han eigentleg seier ja, kunne Einar fortelje meg – «kva tid skal vi møtast?» Eg tolkar dei forsiktige svara som eit ynskje om ikkje å få for mykje personfokus. Men fordi det dei er engasjerte i er så viktig, stiller dei opp til ei samtale mellom tre naustedøler, den eine endå gråare i håret enn dei to andre. Dei to karane, Jetvard Kalland og Einar Skudal, er ellers av 52-årgangen.

Tekst og biletet:  
ANNBJØRG EIKSUND HESSELBERG

I dag har dei to unge pensjonistane kvar sin leiarjobb i kyrkjelyden i Naustdal, Jetvard i soknerådet, og Einar for kyrkjelydshuset. Deira tankar om desse oppgåvene kjem vi attende til.

## Kvar starta engasjementet?

Einar og Jetvard kom frå kvar sin kyrkje-aktive familie. På preikesøndagane var dei frå tidlege barneår med foreldra sine i kyrkja. «Da va' nokre familiar som var ganske faste, og så va' da ei vole med gamle damer med svart skaut som sat framme på venstre sida.» Dei opplevde også samlinger som misjons-organisasjonane hadde rundt i skulekrinsane. Her i bygda var det nemleg skulehusa som vart brukte av alle lag og foreiningar – kanskje eit frampeik mot eit kyrkjelydshus, som er ope for alle?

## Skuletida

Oppvaksne i kvar sin skulekrins, vart dei to først kjende då åra på framhaldsskulen og ungdomsskulen tok til. Dette var i innføringsfasen for ungdomsskulen i Naustdal, så nokre elevar vart 'nesten vaksne' før dei gjekk ut av 9.klasse. Eg får historia om elevar som vart samla frå lengst vest i Vevring til inst i dalen; vegen mellom dei gamle kommunane måtte byggast ferdig før at skulestrukturen kunne komme på



To gamle kompisar

plass. Vi snakkar om opplevingar i klassen og spenninga ved å skulle lese eller seie noko framfor dei andre. Jetvard kan fortelje om skjelvande kne første gongen han skulle lese noko i kyrkja. Men begge fekk slike roller i livet der dei skulle føre ordet i forsamlingar, og måtte arbeide seg fram til den tryggleiken som skulle til.

## Klubben

Dei to karane er samde om mykje – og ikkje minst: Kor viktig ungdomsklubben på Fossekallen vart. Klubben vart starta som eit samarbeid mellom kyrkjelyden i Naustdal og KFUK/M, og leiarar var Odd Solbakken, Inge Eiksund og Ter-

je Bie-Johannessen, som var prest her då. Dette vart eit populært tiltak – det gjekk buss frå dalen til klubbkveldane, og mange ungdommar treivst i miljøet. Dei møttes til spel og moro, og dei fekk med seg tankar om liv og tru. For dei som ville, vart det også bibelgrupper.

Klubb-åra vart retningsgjenvande, og dei oppsøkte liknande miljø når dei etter kvart reiste ut for å gå vidare på skule, Jetvard i Florø og Einar på Sandane, på det som den gongen heitte gymnasnet. I ulike faser har dei sjølv fått leiar-oppgåver i det kristne barne- og ungdomsarbeidet, og begge nemner særleg Nesholmen i Hyen – der leifarbeidet stod i full blomst desse åra.

Når eg spør om dei kan tidfeste når kristentrua tok form og vart bevisst, er begge tydelege på at heimen med kveldsbøn og kyrkjegang har lagt grunnlaget. Sidan fekk trua næring gjennom ungdomsklubb, skulelag og leirliv. Det var ei gradvis utvikling, utan den store dramatikken. Begge legg samstundes vekt på det verdifulle i å ha kontakt og delta i ulike miljø, som idrett og andre kulturaktivitetar.



Naustdal kyrkje er sentral for Jetvard og Einar.

## Like i mangt, men også ulike

Endå mykje er likt, kjem også to ulike personar til syne når vi snakkar om dette. Den eine hadde lettare for å kaste seg ut i

# treffest!

nye oppgåver - den andre tok seg betre tid, gjekk kanskje litt stille i dørene? Låg det i korta alt den gongen at den eine skulle verte skule-administrator og den andre prest? Begge nemner i alle fall kristenrusstida som viktig, og mimrefaktoren stig når temaet kjem opp. For Einar sin del var det visst første gongen han hadde ordet i ei kyrkje.

Utdanningsløpet vart altså ulikt: Dei var ei tid i Volda, men ikkje samstundes: Jetvard gjekk på lærarskulen og var aktiv i Venelaget og koret, Einar kallar seg «ein av pionerane» på den nystarta Distrikthøgskulen. Medan han gjekk der, hadde han kyrkjelydspraksis i to månader i Midt-Gulen. Der utførde han store deler av prestetenesta, men presten i Davik kom for å ta gravferder. Likevel var det ikkje før etter at han var ferdig med militærtenesta at han kunne tenke seg å studere teologi: «Eg syntes det var eit stort steg å ta». Men det vart MF, med sikte på å bli prest. Jetvard har også vore innom MF for å ta grunnfag i kristendom. Vegane har kryssa kvarandre ved fleire høve: «Vi har det alltid kjekt når vi treffest!»

Militæret, ja: Der synte dei litt ulike sider. Medan Jetvard sytte for å bli velferdsassistent i Flyvåpenet, meiner Einar at han lærde å «krige te' gagns» som kamonkommandør.

Vi sit her og kan slå fast det som så mange har sett etter å ha levd ei stund:

Det som kunne sjå tilfeldig ut undervegs, dannar eit mønster. Jetvard set ord på det:

– Eg trur beint fram at det la seg til rette – eller at det var Ein som la det til rette. Det går an å vekse inn i oppgåver, og dei fleste av oss er avhengige av tilbakemeldingar på det vi gjer. - Kanskje vi skulle legge meir vekt på å oppmuntre? - undrar skribenten.

Etter yrkesår andre stader gjekk vegen tilbake til heimetraktene og oppgåver her. Jetvard Kalland hadde sin plass i skuleverket, og han seier at det å administrere og leie er noko som ligg for han. Etter ei tid som prest i Olsvik vart Einar Skudal for mange her i bygdene kjend som sjukehuspresten i Førde.

*Men den milde mannen har også andre sider: Einar kan t.d. stå på Naustdal Omsorgssenter som dagens andaktshaldar – og småmobbe reservepianisten for forsøk på blokkfløyte-opplæring på Naustdal ungdomsskule på 60-talet. Til straff må han og Jetvard teste blokkfløyten, før vi går vidare til eit viktig punkt i samtaLEN:*

## Kva tenkjer de om kyrkjelydsarbeidet i dag?

Vi tek utgangspunkt i to viktige bygningar, som vi gjerne vil skal fyllast med folk og bli brukte mest mogeleg: Kyrkja og kyrkjelydshuset. Desse husa utfyller kvarandre!

Kyrkja er bygd i ei anna tid, og det er strenge reglar for kva vi får lov til å gjøre av endringar, fortel Jetvard. Vi skulle gjerne fått lagt til rette for ein meir variert bruk av rommet, t.d. med anna møblering bak i kyrkja, slik at barn kan sitje der med teiknesakene under preika og dei vaksne kan ha ein «kyrkjebakke» etter gudstenesta. Universell utforming, med grei tilgang for rørslehemma, er også ei sak som soknerådet har på dagsorden.

Kyrkjelydshuset er det derimot berre årsmøtet og styret som bestemmer over, og her ligg det til rette for gode sosiale møtepunkt. Stadig fleire ser huset og finn det naturleg å gå dit. Frå kyrkjelyden si side er det ein del av diakonien, den praktiske omsorga for medmenneske. Med Jenny Snildal som stødig dagleg leiar og mange frivillige medarbeidarar ser vi lyst på utviklinga vidare. Ondagskafé er populært, og det kan bli trangt rundt borda når folket samlar seg. «Eg hadde aldri trudd at eg skulle 'drive kafé' i Naustdal,» smiler styreleiaren Einar.

Jetvard og Einar er samstemte: Vi skulle så gjerne sett at kyrkja og gudstenestelivet kunne blomstre, at fleire i alle aldrar kunne finne sin plass der – slik at dei som spår at kyrkjelivet vil døy ut med dei gamle, ikkje må få rett.

Dei vil bygge folkekirkja på sitt beste. Det er brei oppslutning om dåp og konfirmasjon i Naustdal. For å møte ulike livssituasjonar ser ein på ulike måtar å nytte kyrkja på. Difor vert det invitert til samlinger og gudstenester i tillegg til søndagsgudstenesta klokka elleve. For barnefamiliar er søndag ettermiddag eit betre tidspunkt. Dette opplegget er alt i gang. For nokre kan ei samling midt i veka dekke eit behov. Staben og soknerådet arbeider godt saman om idéutvikling.

*– Det vi veit, er at folk som finn vegen til kyrkja og legg det inn som ein god vane, finn glede og styrke til livet der. Vi var sjølv så heldige å få dette inn i barndommen. Det ynskjer vi at fleire skal oppdagre!*



Blokkfløyte-elevane

**TEMA: FLYKTNINGAR**

# Frå krig og ufred til jul i Sunnfjord

Kva for tilbod får flyktingar når dei kjem til Sunnfjord? Dette vil eg prøve å finne ut av.

Tekst og bilde: HANNE SCHNITLER

I skrivande stund kjem det konstant vonde bilde i alle media frå krigen i Midtausten. Vi kjenner oss så hjelpelause. Krigen i Ukraina, og alle andre krigar, blir brått skyvd i bakgrunnen. Er dei blitt mindre alvorlege?

I fredelege Sunnfjord bur det mange som kjem frå dei gløymde krigane. Det siste året har mange komme som kvoteflyktingar og ikkje som asylsøkjrarar. Dei har kanskje hatt ein rimeleg trygg transport til endestopp på Vestlandet. Andre har strevd seg gjennom grensekontrollar, smuglarruter, med usikre gummibåtar og overfylte bilar, utan å vite om dei kunne få opphold der ferda enda. Men uansett korleis dei kom seg hit, har dei med seg vondé opplevingar, vanskelege val og sakn etter staden og folka dei reiste frå.

No vil eg prøve å finne ut kva for tilbod flyktingane får når dei kjem hit. Og finne nokon som kan fortelje om korleis det er å vere ny i Sunnfjord. Utfordringa er språket.

Den første eg møter, ein mann frå Ukraina, seier fire ord: «Ukraina, Syria, Israel, Palestina!» Så slår han ut armane, ristar på hovudet, og ansiktsuttrykket formidlar all den uroa og motløysa ein kan kjenne når krig og ufred aldri tek slutt.

## Kva møter flyktingar som kjem til Sunnfjord?

Det er eit heilt apparat i sving for at nye tilflytтарar skal få eit normalisert tilvære. For å finne ut kven som gjer kva, spør eg Andrew Hawkes, relativt nytilsett flyktningkonsulent i Sunnfjord kommune.

*– Kva går jobben din ut på?*

– Min jobb er å koordinere arbeidet med busetting og integrering i kommunen. Det er mange som er inne i bildet: Bygg- og egedomsseksjonen ordnar det



Stanislav og Natalia frå Ukraina er opptatt av å lære språket.

praktiske med husvære, medan Vaksenopplæring & Integrering, eller Norsksenteret, hjelper dei med innflytting og hjelp til å fungere i bustaden. Dei har også ansvaret for språkopplæring og introduksjonskurs, og vi samarbeider om å finne høvelige stader for språk- og arbeidspraksis. NAV og helsetenesta er også viktige samarbeidspartnalar.

*– Du har og kontakt med dei frivillige organisasjonane?*

– Ja, det er viktig å ha kontakt, og å sørge for at dei har kontakt seg imellom.

Det blir gitt mange gode tilbod av frivillige som er tilrettelagt for flyktingar og framandspråklege. I tillegg er det mange tilbod retta mot alle, der fleire framandspråklege gjerne kan finne sin plass.

Andrew fortel at dei ukrainske flyktingane har fått kollektivt vern. Det tyder mellom anna at dei har rett på språkopplæring, men ikkje plikt til å delta. Det forklarar kvifor ikkje alle deltek på norsk-kurs.

## Kva for tilbod har dei frivillige organisasjonane?

**«Internasjonal turgruppe Sunnfjord»:** Eg besøkjer Hege Mundal på DNT-kontoret like ved Langebrua i Førde sentrum. DNT har i samarbeid med Førde Røde Kors danna ei internasjonal turgruppe.

– Vi starta med turar i vår for å få flyktningar til å oppdage og ta i bruk den flotte naturen vår, fortel ho. – På den første turen møtte det opp 42 personar, mange ukrainarar, men også andre nasjonalitetar. Det var utruleg kjekt! Men på dei seinare turane kom berre nokre få.

*– De vil vel ikkje gi opp?*

– Nei då, vi vil halde fram med turane. Men kanskje ta meir omsyn til veret, så blir det meir freistande å komme seg ut i naturen.



Andrew Hawkes er flyktningkonsulent i Sunnfjord kommune



Internasjonal turgruppe på tur til Huldefossen

Ho fortel at måla med turane er fleire: Lære seg å ferdast trygt i naturen, ha ein arena for språktrening og få kontakt og bli kjent med sunnfjordingar. Gruppa har ei eiga facebookside, «Internasjonal Turgruppe Sunnfjord». – Gå gjerne inn på sida, der er det høve til å følgje med, og tips gjerne dei du kjenner som kan ha glede i å vere med, seier Hege. – Og tips og om at ein kan låne turutstyr gratis på Bua!

**Bua** held til i gamle Husmorskulen, attmed Førdehuset. Kvar tysdag og torsdag er det ope for dei som vil låne tursko, syklar, telt, skiuutstyr og mykje anna. Sandra Hjonnevåg prøver å halde ordenen på alt utstyret. No skal syklane få ein sjekk før dei blir sett på lager over vinteren, og ski og vinterutstyret skal på plass.



Sandra Hjonnevåg held orden på utstyret på Bua.

– Mange utlendingar nyttar seg av tilbodet, fortel ho. – Og før turdagar og skidagar er det mange som låner utstyr. Kvifor skal ein kjøpe dyrt utstyr som kan skjene blir brukt 3-4 gonger før borna veks frå det, når ein kan låne gratis?

– *Kva om noko blir øydelagt eller ikkje blir levert tilbake?*

Ho fortel at ein må betale for tapt utstyr, medan slitasje er noko ein må rekne med.

– Men alle må registrere seg og opprette ein brukarprofil. Dette er lurt å gjøre på førehand. Ein kan gå inn på nettsida til Bua Sunnfjord og fylle ut skjema der.

– Utanlandske låntakarar er gjerne gode på digitale løysingar, men nokon må ha hjelp. Vi ser og at ungdom som har fått oppretta profil er gode til å hjelpe andre, det spreier seg i ungdomsmiljøet korleis og kva dei kan låne.

No håpar ho at dette gode tiltaket blir ei varig ordning, og ikkje berre avhengig av prosjektmidlar fra år til år. Ho fortel at Bua er eit nasjonalt nettverk som vart stifta i 2014. Målet er å bidra til inkludering og auka deltaking i helsefremjande aktivitetar for barn og unge, uavhengig av sosioøkonomisk status.

**Førde Røde Kors** har invitert til Internasjonal kafé i Røde Kors-bygget i mange år. Det tiltaket har Torun Lucassen ansvaret for. No er lokala under oppussing, og dermed har det ikkje vore samlingar sidan i vår.

– Vi trur lokalet er klart i slutten av november, seier Torun.

– Det er så viktig at vi får kafeen i gang igjen, for vi treng denne møtestaden!

Ho fortel at kafeen vart starta opp for 8 år sidan i samarbeid med Friskliv- og frivilligsentralen. Det var då vi hadde den store straumen av flyktningar frå Syria og Afghanistan. Det siste året har det vore flest ukrainarar på kafeen, og fleire har meldt seg som frivillige. Då får dei ekstra språktrening når dei må samarbeide med lokale frivillige om å koke kaffi, pynte og rydde. Om ein vil vere frivillig i Røde Kors tilbyr dei ulike kurs som ein kan melde seg på, elles blir det ikkje sett andre krav til frivillige enn at ein er lojal mot Røde kors sine verdiar.

Opplegget på Internasjonal kafé er



Torun Lucassen har ansvar for internasjonal kafé på Røde Korsbygget

enkelt, utan noko fast program. Men dei prøver å fange opp tema som deltakarane er opptatt av og hjelper til med å få samtalene i gang rundt borda. Eit emne som har fengt mange er dyrking og hagearbete. Her har det blitt stort engasjement, kanskje nokon har bilde av kjøkkenhagen i heimlandet, eller diskuterer kva som kan dyrkast her.

Torun fortel at nokre har trudd at Røde Kors er ein kristen organisasjon, og dei blir forundra eller skuffa når dei hører at organisasjonen har ein nøytral profil.

– *Er det vanskeleg å ta opp religiøse tema?*

– Vi er nok altfor forsiktige, seier ho. – For mange er tru ein viktig del av livet, om ein er kristen, muslim eller har ein annan tru. For mange er det uforståeleg at ein kan leve utan ein tru. Men å snakke om det ein trur på krev at ein har nok språkkunnskap til å kunne formidle tankar og forstå kvarandre.

## Stanislav og Natalia

No vil eg høre kva flyktningane sjølv har å seie. Det er så mykje eg lurer på. Kvar finn eg nokon å spørje?

På NMS Gjenbruk kjem det dagleg kundar av mange nasjonalitetar. Eg spør to kvinner:

– *Ukraina?*

Dei nikkar.

– *Snakkar de norsk?*

– Litt, litt, seier dei og viser med fingrane kor lite litt er. Etter fleire forsøk på å

finne nokon å snakke med, kjem Stanislav og Natalia inn i butikken. Eg har møtt dei før, og grip sjansen:

– Eg treng hjelp! Har de tid? Kaffi? Berre 5 minutt? Ja, dei har tid, set seg i sofakroken og får kaffi. Kanskje eg kan få vite noko om ukrainsk julefeiring?

– Når feirar de jul, 24. eller 25. desember? Eller kanskje ortodoks jul 6. januar?

Dei ser på meg med store øye. – Jul? Desember? Så bryter latteren ut. «Jul» er juli på ukrainsk, seier dei. Ok, her er det berre å førebu seg på misforståingar. Men jo, 25. desember er det feiring med familien. Då blir det servert «Kutia», ein slags graut med rosiner, nøtter og honning. Dette er den viktigaste retten i jula, og har lange tradisjonar.

– Og 12 rettar for 12 apostlar, forklarer Natalia. Etter at Kutia er servert, skal det altså vere 12 rettar, til minne om Jesu 12 lærersveinar. Rettane kan variere, det kan vere raudbetsuppe, fisk, stua kål, poteter, varenyky eller dumplingar, kålrulettar og soppasus.

Dei vil vite kva julemat vi et. Eg finn fram bilde av pinnekjøt og forklarer etter beste evne. – Berre ein rett? Men sikkert godt..

Vi blir sitjande, fort har det gått ein time. Norsk, kroppsspråk, bilde og Google translate blir nytta. Eg forstår at dei kjem frå austlege delen av Ukraina, der kampene er harde. Heimen deira blei bomba, og dei flykta vestover. Eg ser på ansiktsuttrykka at dette er vanskeleg å



Kutia – tradisjonell ukrainsk julegraut.



Bente Lund Hawkes på Førde bibliotek.

snakke om. No vil dei sjå framover. Dei har to guitar som går på skule i Førde. Sjølv har dei snart fullført introduksjonskurset og ventar på å få språkpraksis. – Vi går på biblioteket og les norske eventyr for å praktisere, seier dei. Dei ventar også at Internasjonal kafé skal opne igjen, der har dei likt seg godt. Dei har også vore med på Vie andelslandbruk, der er det lett å øve på språket. – Vi må treff andre og øve og øve, men grammatikken er vanskeleg!

### Biblioteket, ja!

Eg tar ein tur dit, og Bente Lund Hawkes tek seg tid til å fortelje. – Ja, mange flykningar nyttar seg av biblioteket. Vi har ein del bøker på ulike språk, og fleire prøver seg på norske bøker eller tidsskrift. Ein kan også nyte pc-ane, og då er det gjerne ulike søknadsskjema dei skal fylle ut. Er det språkproblem prøver vi å hjelpe til så godt vi kan.

– Korleis får de forklart korleis låne-reglane er?

– Norsksenteret har gjerne med seg grupper hit, og då får vi hjelpe til å forklare på ulike språk. Skulane og barnehagane har jo også mange framandspråklege, og dei er flinke til å bruke biblioteket.

– Denne hausten har vi prøvd ut eit nytt tilbod, «Møteplass Førde bibliotek», eit lågterskeltilbod for alle, som vi har hatt kvar tysdag frå 11-13 ut november. Målet er å bli kjend med biblioteket, og få ein matbit og ein prat. No må vi vurdere om vi skal halde fram på nyåret.

### Med tru i bagasjen

Mange av dei som kjem hit har hatt tilknyting til ei kyrkje eller eit trussamfunn og vore med i eit fellesskap i heimlandet. Korleis finn ein eit nytt trusfellesskap på ein framand stad?

Mange ukrainarar har ortodoks eller katolsk bakgrunn. Fleire har funne vegen til dei katolske gudstenestene som blir haldne på Førde bedehus. Den katolske kyrkja leiger bedehuset kvar søndag, og har messer m.a. på polsk. For nokre er desse messene gjenkjennelege.

**Leon Haugsbø i Førde Normisjon** fortel at nokre familiarar frå Ukraina har funne vegen til Norfellesskapet som også har faste samlingar på Førde Bedehus. Kanskje er det lettare å bli kjend i eit mindre fellesskap.

**På gudstenestene i Førde kyrkje** er det lagt tilrette med utstyr for tolking. Men no når ukrainarar utgjer den største gruppa av flyktingar, blir utstyret ikkje brukt. Det manglar folk som kan tolke frå norsk til deira språk, og våre gudstenester er ulike det dei er vande med. Dermed blir det umogleg å følgje med og for krevjande å delta på gudstenestene.

Anita Rusken, diakon i Førde kyrkje, viser til andre aktuelle samlingar, som 10-kaffien kvar onsdag og strikketreffet annakvar mandag, der det er lettare å delta om ein ikkje snakkar så godt norsk.

– Vi hadde ei karnevalsamling i kyrkja i februar i år, då kom det mange frå Ukraina. Med enkelt program, litt servering og aktivitetar ein kan vere med på, er det greitt å delta utan å forstå alt som blir

**MALER RUNE**  
**SKILBREI**  
MALING · TAPET · GOLVBELEGG · FLISER

Skal du bygge heilt nytt, eller fornye litt?  
Vi har utvalet! **Velkommen innom Skilreibutikken i Naustdal!**

Følg oss!

[fb.me/malerskilbrei](https://fb.me/malerskilbrei)  
[skilreibutikken](https://skilreibutikken.no)

**BELLIS**  
**BLOMSTER**

Tlf. 57 82 07 22 | [www.bellisblomst.no](http://www.bellisblomst.no)  
ALTI, Førde

sagt. Dette arrangementet vil vi gjenta neste år, seier ho.

Grethe Hammer Strømmen ved Førde norsksenter, fortel at dei ikkje spør etter kva for tru deltakarane har, og dei veit ikkje om dei feirar jul eller ikkje. Ho seier dei dessverre ikkje har kapasitet til å hjelpe nyinnflytta inn i eit fellesskap.

### Matfestival og julafsta på Førde kyrkjetun

Eit tiltak som har samla mange, både sunnfjordingar og flyktningar, er julafsta på Førde kyrkjetun.

**Friskliv og frivilligsentralen** er medarrangør saman med Førde kyrkje. Kari Valle ved Friskliv og frivilligsentralen, held på med å planlegge både Internasjonal Matfestival i Førdehuset og Julafsta på Førde kyrkjetun når eg tar kontakt. Laurdag 25. november er det Matfestival, og ho håper ho får med folk frå ulike nasjonar som kan presentere mattradisjonar frå heimlandet sitt til arrangementet. No må ho få kontakt med flest mogleg. Deretter må ho og diakon Anita klare å rekruttere fleire frivillige dersom det skal bli feiring på Førde kyrkjetun på julafsta. Det er ikkje den enkleste dagen å få frivillige til å stille opp, men dei som har vore med tidlegare, har berre godord å seie om å skape julestemning i lag med andre.

– Det er framleis høve til å melde seg som frivillig medhjelpar på julekvelden! Samlinga er viktig for alle som ynskjer nokon å feire jul saman med. Sjølv om det har vore arrangert i mange år, er det mykje som skal planleggast og ordnast i forkant. – Vi treng og hjelp til å informere om tilbodet til dei som kan ha glede av å delta, og hjelpe dei til å melde seg på!

**Eg sit att** med kjensla av at det er imponerande mykje godt arbeid som blir gjort og mange flotte tiltak i gang, og sikkert fleire som ikkje er nemnt her. Utfordringa er å gjere tilboda kjende. Kan trauste sunnfjordingar som les dette bidra til at nyinnflytta finn informasjon om tilboda?

Kan vi bli flinkare til å spørre «Korleis går det?» Kan eit «Hei» og eit smil føre til ein samtale, litt språktrening og inkludering i eit fellesskap?

### JULEKVELD 2023

# Velkommen til julefeiring på Førde kyrkjetun!

Vi inviterer til  
julefeiring for  
17. gang på  
Førde kyrkjetun.

Her kjem folk med ulik bakgrunn og ulike juletradisjonar.  
Vi møtest og feirar jul saman i eit inkluderande fellesskap med mange andre. **Arrangementet er ope for alle!**

Du kan komme åleine eller saman med familien din. Det vert mellom anna servert tradisjonell norsk julemat og vi syng kjende julesongar.

Julefeiringa startar klokka 17.00 og sluttar cirka klokka 20.00.

Prisar: Vaksne: Kr. 100,- per person. Barn: Kr. 50,- uansett om ein har med eitt eller fleire barn. Døme: 2 vaksne + 3 born i same familie: Kr. 250,-

### Frivillig på julafsta?

Kvar julafsta sidan 2007 har det vore mogeleg å feire jul på Førde kyrkjetun. Fleire har gjort det til ein fast juletradisjon. Har DU lyst å vere frivillig i år? Vi treng deg!

Døme på oppgåver: Leiing av kvelden, song og musikk, vertskap, servering og oppvask.



**Betaling:**  
**Vipps til: 747512, merk «Julafsta 2023»**

Påmelding med namn og telefonnummer og alder på barn innan 15. desember til: Friskliv- og frivilligsenteret, telefon: 47688025 eller e-post: frisklivogfrivillig@sunnfjord.kommune.no

Julefeiringa er i regi av Den norske kyrkja og Friskliv- og frivillesenteret i Sunnfjord kommune.



Kontakt diakon Anita Øvreås Rusken, telefon: 900 68 514 eller på e-post: Anita.Rusken@sunnfjordkyrkja.no

**Astrid Blomster**  
Elvetorget, Førde  
Tlf. 57 82 17 05  
astrid.blomster@interflora.no

**FØRDE  
GJESTEHUS  
OG CAMPING**

www.fordecamping.com 468 06 000 • Kronborgvegen 44



Basar med åresal og kaker.



Basar i Naustdal.

## Vinn eg noko i år?

Basaren på Naustdal kyrkjelydshus har lang tradisjon og tradisjonar skal ein ta vare på. Det er mange som set pris på den årlege basaren.

Tekst og bilde: JENNY Ø. SNILDAL

I fleire veker før den skulle gå av stabelen kom det inn fleire, fine gevinstar. Mykje av det flott handarbeid. Etter kvart som dagen nærma seg auka det på med gevinstar og det vart selt mykje lodd. På sjølve basardagen kom dei første i god tid før kafeen opna

for å finne seg ein plass å sitje. Det varte ikkje lenge før lokalet var fullt og fleire stolar måtte setjast fram. Dei frammøtte var flinke til å ta lodd, både på åresal og på hovudlotteriet og dei koste seg med gode smørbrød, kaker og kaffi.

Under trekking var det stilt i lokalet og dei fleste sat nok spent og lurte på om det vart ein gevinst eller to. Mange var heldige, mens andre gjekk heim, kanskje litt skuffa. Basaren er ei viktig inntektskjelde for Naustdal kyrkjelydshus. Resultatet i år vart om lag 58 000,- på kafé og loddssal.

Stor takk til alle som tok lodd, bidrog med gevinstar og kaker, og elles hjelpte til med praktiske oppgåver!

### Besökstenesta i Førde sokn

Har du tid og lyst til å vere med å ha ei meiningsfull oppgåve? Nokre personar er allereie med i besökstenesta i Førde, men det er plass til fleire. Diakon Anita Øvreås Rusken har ansvaret for tilbodet. Dei som er nye får rettleiing, informasjon om teieplikt, skriftleg avtale og tilbod om oppfølging. Anita er med på det første heimebesøket.

### Juledikt

Himmelen bøyar seg ned  
i snofnugg som dalar frå sky  
og smeltar på kinn.

Himmelen bøyar seg ned  
i ein strålande regnboge  
spent over jorda.

Himmelen bøyar seg ned  
med solvarme  
til ei frozen sjel.

Himmelen bøyar seg ned  
ei julenatt i Betlehem.

Englar song for gjetarar:  
«Ver ikkje redde!  
Idag er det fødd ein Frelsar».  
Himmelen bøyar seg ned  
med lys i mørke.

Inger Margrete Bødal



10-kaffien har vore ein viktig møteplass for mange i 20 år. Foto: Hanne Schnitler

# Jubileum for 10-kaffien

Tekst: ANITA ØVREÅS RUSKEN, diakon

Mange hadde tatt turen til Førde kyrkjetun for å vere med på 20-årsjubileum for 10-kaffien 20. september. Vi fekk m.a. høyre ei fin og rørande festtale ved Halvard Brekke, som var ein av initiativtakarane til 10-kaffien, og eit artig jubile-

umsdikt frå Oddvar Etnestad, tidlegare kyrkjeverje i Førde. Sjølvsgart kosa vi oss med kaffi, vaflar, kake og song. Likevel. Høgdepunktet for festen var truleg basaren. Kven vinn t.d. konfekt, tennbrikettar eller fine kubbelys? Nokre jubla over eiga vinnarlukke, andre vart skuffa. Men som det stod i songen vi song; «Vi (på kaféen) e venna førre livet, sånne e goe å ha!»

## Takk!


På basaren på 10-kaffien kom det inn kr. 2690,- til TV-aksjonen - Redd barna. Takk til alle som kjøpte lodd!



Gro Gunnarson, Ingvald Frøyen, Ingvar Vagstad, Ellen Hugøy og Kari Valle sørga for allsang og god stemning. Ved bordet sit Einfrid Fonn og Helga Kjøsnes. Foto: Hanne Schnitler



Halvard Brekke fortalte om oppstarten til 10-kaffien. I bakgrunnen Ellen Hugøy frå Friskliv- og frivilligsentralen. Foto: Anita Rusken



# Trusopplæring

For oppdatert informasjon: Sjå heimesida <https://kirken.no/sunnfjord> eller last ned appen **MinMenighetsportal**.

## STØRST AV ALT

### Trusopplæring i Førde sokn:

#### 0 – 1 ÅR:

#### Spiren/Babysong

Kvar onsdag kl. 11.00 i 2. etg. på Førde Kyrkjetun. Spiren er for barn 0 - 1 år, men eldre barn kan også delta. Ta gjerne med matpakke! Vi serverer te/kaffi.

#### 1 – 3 ÅR:

#### Krøllesamling

Song og formidling frå kl. 17.30 på Førde Kyrkjetun.



- Onsdag 10. januar
- Onsdag 17. januar
- Onsdag 24. januar
- Onsdag 31. januar
- Onsdag 14. februar

#### 4 – ÅR:

#### Samling med utdeling av bok

Utdeling av til barna som fyller 4-år på vår-halvåret og samling for barna som har fått bok.

Søndag 3. mars kl. 11.00 i Førde kyrkje. Barnegudsteneste. Påmelding på nettside: <https://minkirkeside.no/Sunnfjord>

#### 8-ÅR:

#### Tårnagenthelg

Laurdag 13. og søndag 14. april

Laurdag er det samling der barna får vere agentar og skal løyse ulike oppgåver i kyrkjerommet. Vi serverar lunsj og skal også ha litt leikar. Søndag møtes vi til gudsteneste og viser kva vi har lært. Dei som fyller 8 år i 2023 og er medlem av Den Norske kyrkje får invitasjon i posten.

Påmelding på nettside: <https://minkirkeside.no/Sunnfjord>

#### 10 – 12 ÅR:

#### Ope hus

Klubb-kveld med leik, formidling og kiosk fredagar frå kl. 18:00 – 19.30 på Førde Kyrkjetun:

- Fredag 12. januar
- Fredag 9. februar
- Fredag 8. mars

#### «Familiesøndag» – eit tilbod for heile familien!

Vi inviterer heile familien til Karnevalsamling! Om de ynskjer kan de kome utkledd. Vi har leikar, aktivitetar og servering av mat.

- Søndag 11. februar kl. 16.00  
i Førde kyrkje.

Følg med på Førde kyrkje si facebookside.

#### 11 – 12 ÅR:

#### Lys Vaken

Barna som fyller 11 og 12 år i år får invitasjon til å overnatte i kyrkja.

- 1. – 2. desember

Påmelding på nettside:

<https://minkirkeside.no/Sunnfjord>

#### Korskulen i Førde

Korskulen har tre kor, og alle øver i Førde kyrkje kvar tysdag:

Knøttekor ca. 3,5 år til ca. 5 år:

Kl. 17.20 – 18.00

Aspirantkor ca. 6 år – 2. klasse:

Kl. 18.05 – 18.50

Jentekor 3. – 6. klasse:

Kl. 18.55 – 20.00

Har du lyst å bli med? Ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson: gro.gunnarson@sunnfjordkyrkja.no, eller sjekk Facebooksida «Korskulen i Førde kyrkje».

Kontingent per semester: kr. 200.

### Trusopplæring i

### Naustdal sokn:



#### Spiren

##### – Babysong på

##### Naustdal kyrkjelydshus.

Eit tilbod for born i alderen 0 – 1 år saman med foreldre. Vi opnar dørene kl. 11.15. Program frå kl. 11.30-12.00. Sosialt samvær til kl. 12.45. Ta gjerne med matpakke. Saft og kaffi spanderer vi. Dataor etter jul er ikkje klare enno. Følg med på heimeside og Face-book.



### For deg som fyller 10 år:

#### NAUSTDAL OG VEVRING:

Småbarnsong opplegg er tilpassa alderen 3-5 / 6 men ALLE er velkomne, om dei er yngre / eldre enn det. Vi skal synge - vi skal leike litt - vi skal ha det kjekt ilag.



Tysdagar: 16. 23 og 30. januar kl. 17.00-17.40. Vi reknar med at foreldre er med som støtte når vi har samlinga. Det vert tre samlingar på kyrkjelydshuset og avslutning og feiring av Fastelavnssøndag 11. februar kl. 16.00 i kyrkja. Fastelavnsbollar blir det også.

#### Lys vaken

#### i Naustdal kyrkje:

9. desember kl. 17.00: Adventskveld for 11-åringar. Invitasjon kjem i posten.

#### Tårnagent:

20. og 21. januar får 8-åringane lov å utforske kyrkja. Veit du kva som gøymer seg under kyrkjegolvet, og kva som finnast oppe i tårnet? Invitasjon kjem i posten



# Konfirmantfestival på Sande

Om lag 350 konfirmantar  
frå Sunnfjordregionen og  
Ytre Sogn var og i år samla til  
konfirmantfestival på Sande  
28. oktober.

Tekst: HEIDI VOLTERSVIK STYVE  
Foto: DANIEL LIRA FIGUEIREDO

## HalloVenn

Overraskinga lyste i auga til Gry Sætre og Heidi Voltersvik Styve då dei opna dørene til det fyrste HalloVenn-arrangementet i Førde. For inn dørene strøymde det på med hekser, piratar, prinsesser, dinosaurar og levande skjelett, og støynevået steig tilsvarande.

Tekst og bilde: HANNE SCHNITLER

Til vanleg kjem det 7-8 familiar når det blir arrangert Familiesøndag på Førde kyrkjetur. Denne gongen var det sendt ut invitasjonar til alle 6-åringar til «HalloVenn», ein litt mindre skummel variant av Halloweenfeiring. Og det ville dei! Godt over 100 med smått og stort, meir eller mindre utkledde, blei med.

Gry fortalte legenda om St. Sunniva, ho som rømde for dei skremmande

Dette er andre året KFUK-KFUM arrangerer konfirmantfestival i Sunnfjord.

Dagen starta med ei forrykande opningssamling frå Samanteamet frå Bergen. Etter litt mat var det tid for globalløp. Kr. 61000,- blei samla inn til Makalausse Dream School på Sri Lanka!

Utpå dagen var det ulike aktivitetar som konfirmantane kunne velje. Her var

det noko for einkvar smak: Innebandy, førstehjelp, praktisk friluftsliv, symjing, Mesternes mester, cheerleading, teikning, brettspel og mykje meir. Til slutt var det finalespel på innebandyen der Fjaler vann, og ei avslutning der konfirmantane fekk høre: «Ver deg sjølv, og stå opp for andre.»



*Hallovinn-arrangementet fall i smak!*

framande i Irland, og som fann vegen til Selje. Så fekk alle skjeletta, prinsessene, sjørøvarane og trollmennene komme opp og vise seg fram etter tur, før dei kunne velje aktivitet: Ansiktsmåling, pynte muffins, forme trolldeig eller lage lykter. Lykkehjul, og kiosksal av pølser, is, kaffi og kaker var det og.

Kateket Heidi Voltersvik Styve fortel at HalloVenn-konseptet starta på Hamar i 2007 som eit alternativ til Halloweenfeiringa 31.oktober. Det blir nytta av mange kyrkjelydar og organisasjonar rundt i landet i ulike utgåver.

– Dette er første gongen vi prøver det

ut i Førde kyrkje, sjølv om vi var godt i gang med planlegging til eit større Hallovennarrangement i 2019. Det stranda på økonomi. Så kom korona. No fann vi ut at vi ville prøve det i mykje mindre skala.

– Tanken bak Hallovinn da det starta i 2007 var nok å lage ei alternativ feiring til Halloween. Mindre fokus på gjenferd, hekser, knask og knep, og meir fokus på vennskap og å gjere noko for andre. Det samme var vår motivasjon for å ha Hallovinn.

Slike arrangement der heile familien kan vere med, og alle kan finne noko kjekt å halde på med, kan gjerne gjentakast!

# DET SKJER

## 10-kaffi på Førde kyrkjetun

Ein uformell samlingsplass for kaffi og drøs, kvar onsdag frå kl. 10.00 i ungdomslokalet på Førde kyrkjetun. 10-kaffien er eit samarbeid mellom Friskliv- og frivillig-senteret i Sunnfjord og Førde kyrkje.

## Førde kyrkjekor

har øving i Førde kyrkje onsdagar kl. 19.00. Koret har plass til fleire! Ta kontakt med dirigent Gro Gunnarson om du vil vere med.

## Kyrkja i byen

Kvar torsdag frå kl. 13.30 – 15.30, sit ein person frå Førde eller Gauld sokn på Skywalken mellom handelshusa i Førde, klar til ein prat. Velkommen!

## Strikketreff

Annankvar måndag kl. 11.00 – 14.00 på Førde kyrkjetun. Ta med eit handarbeid, eller bli med å strikke lappar for «Ull og omtanke – Sunnfjord». Ta gjerne med matpakke, så et vi lunsj i lag.

11. desember 8. og 22. januar  
5. og 19. februar 4. og 18. mars

## Tidebøn i Naustdal kyrkje

6. desember kl. 10.30

Vel møtt til Tidebøn i Naustdal kyrkje, ein gong i månaden.

Tidebøn følgjer eit opplegg med veksellesing, gjerne frå Salmane i Bibelen, bøn, salmesong og tid til stille og lystening. Varer mellom 20-30 minutt. Ope for alle.

## Adventsfest

**Fredag 8. desember:** Velkommen til før-julskveld på Alværa. Julemiddag vert servert kl. 18.00. Deretter vert det program, prat, kaffi, kaker, dessert, ord for kvelden og åresal.

Påmelding til Alværa: alvera@nms.no eller tlf. 489 90 661.

## Julefeiring på Førde kyrkjetun

24. desember kl. 17.00 – kl. 20.00

Påmelding: Sjå informasjon på side 11 i bladet.

## Konsertar i advent



Førde kyrkjekor. Foto: Leif Laache.

### NAUSTDAL KYRKJE:

**Måndag 4. desember kl. 19.30:**

Julekonsert med kvinnekoret Kvitre.

**Torsdag 7. desember kl. 18.00:**

«Julesong» - Musikkgruppa Julesong frå Sogn sin julekonsert.

**Måndag 11. desember kl. 18.00**

Julekonsert med Erlend Os med venner.

### FØRDE KYRKJE:

**Onsdag 6. desember kl. 18.00:**

«Deilig er jorden»

Konsert med Rein Alexander og Anita Skorgan.

**Torsdag 7. desember kl. 20.00:**

Førde kyrkjekor sin julekonsert.

Fri entré/kollekt til Kirkens Nødhjelp.

### Laurdag 9. desember kl. 18.00:

Julekonsert med Førde Kammerkor med markering av koret sitt 40-års jubileum.

### Onsdag 13. desember kl. 07.00:

Luciakonsert med Korskulen i Førde kyrkje. Fri entré/kollekt til Korskulen.

### Søndag 17. desember kl. 18.00:

Kyrkjelyden sin julekonsert.  
Fri entré/kollekt til kyrkjemusikalsk arbeid i Førde kyrkje.

### Fredag 22. desember kl. 20.00:

«Dei heimkomne» - ein julekonsert frå oss til dykk! Frå alle landets kantar kjem vi heim for å feire jul, vi som delte barndomen og ungdomstida saman. No samlast vi, dei heimkomne, og ønsker deg velkommen til julekonsert!

*Arr: Dei heimkomne/KFUK KFUM*

*Førde/Førde sokneråd*

## Juletrefest

### Onsdag 27 desember:

Etter ein lengre pause vil vi i år få i gang ein familiefest i romjula. Tradisjonelt program med juletregang og konkurransar. Vi tek med litt julebakst, eller anna. Vel møtt!

## Fastetida 2024

I fastetida blir det felles program for kyrkjene i Sunnfjord:

**Onsdag 14. februar kl. 19.00:** Skrifte-målsgudsteneste/Askeonsdag i Førde kyrkje. Ved Rigmor Frøyen og Ingvald A. Frøyen. **Tema:** På veg inn i fastetida.

**Torsdag 22. februar kl. 19.00:** Bibeltime og kveldsmesse i Sande kyrkje.

Ved Ingvald A Frøyen og Frode Skeide. **Tema:** Nikodemus - om den skjulte trua.

**Torsdag 29. februar kl. 19.00:** Bibeltime og kveldsmesse i Naustdal kyrkje. Ved Frode Skeide og Rigmor Frøyen. **Tema:** Jona

**Torsdag 7. mars kl. 19.00:** Bibeltime og kveldsmesse i Førde kyrkje. Ved Silje Sørebø og Anita Ø Rusken. **Tema:** Rut

**Torsdag 14. mars kl. 19.00:** Bibeltime og gospelnight -- på Vassenden. Ved Carsten Langeland og Silje Sørebø. **Tema:** Den allmektige ogårbare Gud.

**FARGERIKE**  
NOREGS LEIANDE FARGE- OG INTERØRKJEDEN  
**Førde Fargehandel** %  
Tlf. 57 82 99 50  
DIN LEVERANDØR AV MÅLARVARER



**Naustdal**  
Dampbakeri

KVALITET  
GJENNOM  
GENERASJONAR

57 72 41 40  
dampbakeriet.no



- Din fotograf i Førde sidan 1946  
57 82 19 77 / foto@reiakvam.no  
reiakvam.no

Gode tilbod på flis, beleggsstein, ferdigplen, støttemur, kvit singel. Vi kan flislegging!

**Boligkompaniet** ...  
[www.boligkompaniet.com](http://www.boligkompaniet.com)  
tlf. 906 19 654

ALT I

- SPORTSKLEDE
- SPORTSUTSTYR
- BARNEUTSTYR

Erdal Sport  
**INTERSPORT**  
Førde



Din nye bustad finn du hos oss!

Vi fornyar kjøkken, bad og garderobe! Kom gjerne innom oss på Halbrendsøyra!  
[www.gravdal.no](http://www.gravdal.no) - tlf. 47 87 40 00



**Gravdalgruppa**  
Førde - Bergen

*Gravminne  
finn du hos oss*



**FAGMILJØ**

Firdavegen 20, 6800 Førde, tlf. 57 72 10 60

## Spesialist på gamle klokker, veggur, lommeur og armbandsur

Har klokka di høg personleg verdi - er den kanskje eit uerstatteleg arvestykke? Treng den ettersyn - reparsjon eller restaurering?

Urmakarverkstad i Førde med ekspertise og lang erfaring på reparsjonar av alle typar ur. Henting og levering etter avtale om ønskjeleg. Gratis, fast prisoverslag. 6 års garanti på overhaling av veggur.



**Roger Pettersen A/S**  
OFFENTLEG GODKJEND URMAKAR  
6810 Førde - tlf. 907 32 380

**HELLENES**  
AUTOMATION - ELECTRICAL - MECHANICAL

**PROTOLAB VEST**




**EXTRA**  
NAUSTDAL



**Best**  
NAUSTDAL

# GUDSTENESTER

På julaftan er det fleire korte familiegudstenester. Gudstenestene i Førde kyrkje kl. 12.00 og Naustdal kl. 12.30 eignar seg godt for dei minste. 1. juledag er det høgmesse i kyrkjene, med vekt på julebodskap, julesalmar og musikkinnslag. Velkommen til kyrkje!

## SØNDAG 3. DESEMBER

### 1. SØNDAG I ADVENT

Førde kyrkje 11.00 Familiegudsteneste. Speidarane deltek.  
Naustdal kyrkje 19.00 Lysmesse

## SØNDAG 10. DESEMBER

### 2. SØNDAG I ADVENT

Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Vevring kyrkje 16.00 Lysmesse  
Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Haukedalen kyrkje 16.00 Lysmesse  
Holsen kyrkje 19.00 Lysmesse

## ONSDAG 13. DESEMBER

Førde kyrkje 18.00 Lysmesse

## TORSdag 14. DESEMBER

Førde kyrkje 18.00 Lysmesse

## SØNDAG 17. DESEMBER

### 3. SØNDAG I ADVENT

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste

## SØNDAG 24. DESEMBER

### JULAFTAN

Førde kyrkje 12.00 Familiegudsteneste. Eg-  
nar seg for dei minste.  
Førde kyrkje 14.00 Gudsteneste  
Førde kyrkje 16.00 Gudsteneste  
Haukedalen kyrkje 12.00 Gudsteneste  
Holsen kyrkje 14.00 Gudsteneste  
Naustdal kyrkje 12.30 Familiegudsteneste med  
barnekor.  
Naustdal kyrkje 16.00 Familiegudsteneste  
Vevring kyrkje 14.00 Familiegudsteneste

## 25. DESEMBER

### 1. JULEDAG

Naustdal kyrkje 12.00 Høgtidsgudsteneste  
Førde kyrkje 12.00 Høgtidsgudsteneste

## SØNDAG 1. JANUAR

Førde kyrkje 16.00 Gudsteneste

## SØNDAG 7. JANUAR

### KRISTI OPENBERRINGS DAG

Naustdal kyrkje 16.00 Gudsteneste med  
fortellinga om den  
4. vismannen.

## SØNDAG 14. JANUAR

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Haukedalen kyrkje 15.00 Minnegudsteneste  
Naustdal kyrkje 17.00 «Møtepunkt»  
Vevring kyrkje 15.00 Gudsteneste  
Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Holsen kyrkje 11.00 Minnegudsteneste

## SØNDAG 21. JANUAR

Naustdal kyrkje 11.00 Familiegudsteneste  
med Tårnagentar  
Førde kyrkje 11.00 Familiegudsteneste  
Førde kyrkje 19.00 Ung messe

## SØNDAG 28. JANUAR

**SÅMANNSSØNDAG**  
Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Haukedalen kyrkje 15.00 Gudsteneste

## SØNDAG 4. FEBRUAR

Naustdal kyrkje 11.00 Misjonsgudsteneste  
Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste

## TORSdag 8. FEBRUAR

Førde kyrkje 19.00 Kvardagsmesse

## SØNDAG 11. FEBRUAR

### FASTELAVNSSØNDAG

Naustdal kyrkje 16.00 Familiegudsteneste  
/ Syng i lag  
Vevring kyrkje 11.00 Familiegudsteneste  
Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste  
Førde kyrkje 16.00 Karnevalssamling  
Holsen kyrkje 15.00 Gudsteneste

## ONSDAG 14. FEBRUAR

### ASKEONSDAG

Førde kyrkje 19.00 Skriftemålsgudsteneste

## SØNDAG 18. FEBRUAR

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste

## TORSdag 22. FEBRUAR

Sande kyrkje 19.00 Bibeltine og  
kveldsmesse

## SØNDAG 25. FEBRUAR

Naustdal kyrkje 11.00 Gudsteneste

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste

Haukedalen kyrkje 11.00 Gudsteneste

## TORSdag 29. FEBRUAR

Naustdal kyrkje 19.00 Bibeltine og  
kveldsmesse

## SØNDAG 3. MARS

Naustdal kyrkje 16.00 Song- og musikk-  
gudsteneste

Førde kyrkje 11.00 Familiegudsteneste

## TORSdag 7. MARS

Førde kyrkje 19.00 Kvardagsmesse

## SØNDAG 10. MARS

Naustdal kyrkje 17.00 «Møtepunkt»

Vevring kyrkje 11.00 Gudsteneste

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste

Holsen kyrkje 11.00 Gudsteneste

## TORSdag 14. MARS

Vassenden kyrkjesenter  
19.00 Bibeltine og gospelnight

## SØNDAG 17. MARS

### MARIA BODSKAPSDAG

Førde kyrkje 11.00 Gudsteneste

## SØNDAG 24. MARS

### PALMESØNDAG

Naustdal kyrkje 11.00 Felles familiegudsteneste  
for alle sokna.

## Kyrkjeskyss Førde kyrkje i desember

### Treng du skyss til gudsteneste?

Ring telefonnummra på lista nedanfor.  
For meir informasjon kan du ta kontakt  
med kyrkjekontoret måndag-fredag kl.  
09.00-15.00: Tlf. 57 82 81 80. Kyrke-  
skyssen er gratis.

### 3. DESEMBER

Gunnar Johannessen tlf.  
91727191

### 10. DESEMBER

Ingvild og Harald Eikenes  
tlf. 99365322/91388644

### 17. DESEMBER

Oddbjørg Espeset tlf.  
90593295


### 25. DESEMBER KL. 12.00

Per Ingolf Nygård tlf.  
91819561

### Kan du tenkje deg å stille som sjåfør?

Ta kontakt  
med diakon  
Anita Øvreås Rusken,  
tlf: 90068514

*Lista for nyåret er dessverre ikkje klar.*



## DØYPTE

### FØRDE KIRKJE

10. SEPTEMBER  
Albert Aasen Lauvstad

Frida Risnes Førde  
*Døpt i Landro kyrkje*

17. SEPTEMBER  
Luk Olav Kalstad

Elias Robøle Skagen

Selma Tefre Fossen

Emma Knapstad Rand

1. OKTOBER  
Ada Bruland Einevoll

William Frøysland Hoti

8. OKTOBER  
Varg Olausen-Rolland

Magnus Frøyen

Elias Gulbrandsen Vereide

Elvira Vik Benjaminse  
*Døpt i Florø kyrkje*

Signe Svarstad Rutledal  
*Døpt i Sør-Vågsøy kyrkje*

Ella Øren Sellevold  
*Døpt i Eikefjord kyrkje*

22. OKTOBER  
Emma Strandos Hafstad

Ada Ullebust Andersen

### HOLSEN KIRKJE

8. OKTOBER

Astrid Eide Claesson

### NAUSTDAL KIRKJE

1. OKTOBER

William Frøysland Hoti

*Døpt i Førde kyrkje*

8. OKTOBER

Ulrik Solheim Ersvåg

Mina Dvergsdal Apalseth

Magnus Vonon Klopstad

22. OKTOBER

Melvin Vatne Kringlen

## GRAVFERD

### FØRDE KIRKJE

01.09	Hildur Hafstad Smådal	f.1950
05.09	Audun Jørgen Ulltang	f.1938
07.09	Jofrid Holme	f.1946
07.09	Oddbjørg Kari Solheim	f.1931
12.09	Åse Vie	f.1930
22.09	Philip James Butler	f.1942
28.09	Frøydis Irene Lindbekk	f.1962
05.10	Liv Kamilla Ness	f.1929
06.10	Annfrid Klara Grimeland	f.1933
06.10	Liv Magna Hoff Rye	f.1940
10.10	Asbjørn Arthur Holvik	f.1946
24.10	Arne Svein Kvammen	f.1961

### HOLSEN KIRKJE

24.10	Laura Maria Røysland	f.1928
26.10	Trygve Kjell Husetuft	f.1943

### NAUSTDAL KIRKJE

15.09	Oddvin Bygstad	f.1944
26.09	Aud Jofrid Mallasvik	f.1940
28.09	Audun Birkeland	f.1933
31.10	Oddvar Thune	f.1925

### VEVRING KIRKJE

17.10	Olav Apalseth	f.1922
-------	---------------	--------

## Frivillig i kyrkja?

Det er stadig behov for frivillige i kyrkjelydane til små og litt større oppgåver. Kan du tenke deg å gje litt av tida di? Kan du vere med å halde kyrkjeskyssen i gong, hjelpe til på Spiren, vere tekstlesar eller vere med i besøkstenesta?

**Kontakt kyrkjecontora.**

## FARSUND FLIS

*flis for alle*

**Kvalitet - Kompetanse -  
God service**

**Nytt, stort lokale  
på Sanderplassen 10 i Førde.**

**Kom gjerne innom og  
sjå vårt store utval.**



NORDISK KJØKKENDESIGN



Hafstadv. 34 (Bergegården)  
6800 Førde - tlf. 913 11 837  
ms@jke-forde.no

## RICKEN

Langebru. 26 (v/Domus)

Førde

Tlf. 472 56 398

eller 578 21 340

**KUNSTNARMATERIELL  
INNRAMMING  
BILDE**

**arnes**  
frisørhjørne

Timebestilling  
Drop-in

Tlf. 57 82 62 35  
Langebruvegen 19  
6800 Førde



## Velkommen til oss!

Elvevegen 1, Førde  
(ved Kunstmuseet)

Alle dagar  
utanom torsdag ..... 11-15  
Torsdag ..... 11-17

Tlf. 404 33 220

**MILJØ MØTEPLESS MISJON**



**ARKI**  
ARKITEKTAR

Hafstadgården  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Nettside: arki.no



**Returadresse**  
Førde kyrkjekontor  
Kyrkevegen 23F  
6809 FØRDE

## NATTSALME

Det finst ei jord som opnar opp  
sitt djup av svarte natt  
og løyner både sjel og kropp  
til ingenting er att  
Det finst ei natt som møter deg  
og tek deg mjukt imot  
og lèt deg kvila æveleg,  
di hand, di sjel, din fot  
Det finst frå Gud i alt som er,  
i jord og nattevimmel,  
di sjel er hans, du er hans verd,  
du lyser fram hans himmel

Jon Fosse

